


# På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

A. R. Hauge, B. D. Bødker, B. Haukanes, F.M. Ervik, S. Aadland



## MISJON – FRAMLEIS AKTUELT

Me skal ikkje så mange ti-år tilbake før me finn mange foreiningar – eller «kvinneforeiningar» som ein gjerne sa – rundt om i bygda vår. Det var samkommer der det vart sydd og strikka til basarar som skulle skaffa pengar til misjonen. Slik er det ikkje lenger, men Steinsland misjonsforeining av Det Norske Misjonsselskap (NMS) eksisterer enno. Der vert det ikkje sydd og strikka lenger, men ein samlar seg om misjonsstoff og Guds ord. Der er det plass til fleire, så har du interesse for misjon, er du velkomen til å vera med!

Godt og vel 30 personar hadde funne vegen til Haga-kyrkja søndagsettermiddagen den 17. september. Dei vart ynskte velkomne av damene i Steinsland misjonsforeining som hadde

dekkja fine kaffibord bak i kyrkjerommet.

Liv Høysæter leia festen med stø hand. Ho ynskte også velkomen talaren for kvelden, tidlegare landsstyreleiar Kari Skår Sørheim (biletet).



Ho hadde ei god og tankevekkjande andakt.

Så var det kaffiøkt med gode kaker og frukt. Praten gjekk livleg rundt borda medan kakefata vart tømde.

Etter kaffiøkta var det misjonsinformasjon ved Kari Sørheim. Talet på misjonærar har gått ned dei siste åra, men framleis vert det drive arbeid i 13 land rundt om i verda. Mykje av arbeidet har vore basert på frivillige gaver frå misjonsvenner i Noreg og der har misjonsforeiningane spela ei viktig rolle.

Kva er så fokus for misjonen i våre dagar?

Misjonsselskapet deler oppgåva si i tre: Det vil vera med og kjempa mot urettferd i verda, det vil dela trua på Jesus og det vil vera med på å utrydda fattig-

dom.

Så lenge det har vore drive misjon, har hovudsaka vore å arbeida for at alle menneske skal få høyra om Jesus og læra han å kjenna. Saman med lokale kristne prøver misjonærane å gje eit sant og levande bilete av Jesus og etter kvart gjera kyrkjene sjølvstendige.

Eit døme på urettferd som misjonen engasjerer seg i, er kvinner si stilling i samfunnet i mange land. Guds ord er tydeleg på kvinner sin verdi og dette er ein av dei tinga misjonen vil vera med og fremja.

Gjennom ymse prosjekt prøver misjonen å finna måtar der fattige kan vert gjort i stand til å forsørgja seg sjølv og familien sin. Ein må heller ikkje gløyma den store innsatsen misjonen har

### Frå kyrkjeboka



#### Døypte

10.9.

Thomas Ulland Haukenes



#### Gravlagde

29.9.

Sygni Maria Bogevik

gjort og gjer når det gjeld å betra helsetilhøva i dei landa dei har arbeid i.

Ein ekstra spiss på festen sette Svein Høysæter og dottera Ellen som glede dei frammotte med vakker song og musikk!

## ENDELEG TETT TÅRN

Det byrja i fjor då mønepannene på kyrkja ikkje låg slik dei skulle, og me skulle byta dei med mønebeslag. Me fekk då eit firma som jobbar med «tilkomstteknikk», til å gjera jobben. Dei skulle også ha ettersyn på tårnet, for å sjå kor det stod til der. Nei – det har ikkje leke inn og alt såg fint ut frå undersida, men utvendig fann dei holet beslag og takhellene på det nederste tårntaket, var «som nøkkelost og flatbrød». Litt «krisearbeid» vart gjort, også vart det planlagt å byta desse hellene og montera nye beslag på kantane i 2017.

Men når karane kom, og byrja å riva på heller, viste det seg at det stod langt dårlegare til enn det ein kunne sjå frå utsida. M.a. måtte sutaket og bytast, og den store senterbjelken heilt i toppen. Det måtte spesialbestillast

material og arbeidet vart sett på vent. Kantbeslaga er laga lokalt i Gåsdaalen, og heilt på toppen er det laga ein tett «kopp» utan skruehol, for å hindra lekkasje der igjen. Krossen var målingslaus og rusta, og «gullkulene» var hol i. Dette tok Anton Drønen seg av. Kulturhistorie er hans felt – og han let seg imponera av handverket i krossen. Kulene er banka ut for hand, og alt er «heimgjord». No fekk krossen attende dei fargane me kunne sjå små restar av – og «gullkulene» får igjen skina!

Arbeidet med å få senterbjelken bytt /skoytt var utfordrande. Sjølv om han var dreidd i fasong, måtte dei tilpassa med øks på gamlemåten. Klyvarane brukte mange gongar så lang tid i Samnanger som dei hadde sett for seg og kommunestyret måtte

løyva om lag 500 tusen i ekstra midlar for å få alt i orden. Men no skal det vara i mange år! – Og for dei som lurar på om det er lovleg å hanga i snorer i kyrkjetårnet: Arbeidstilsynet hadde ettersyn på staden og fann at det var ingen ting å utsetja på tryggleiken. Desse karane er vane med å arbeida i Nordsjøen, og hadde alt i orden.



## KVA VIL DET SEIE Å VERE LUTHERSK I DAG ?

31.okt. 2017 er det 500 år sidan Martin Luther slo opp sine berømte teser på kyrkjedøra i Wittenberg. Dette førte til ein reform innan kyrkja, noko me vil markera denne hausten.

Måndag 16.okt. (sjå lysing i neste Samning) kjem Joar Haga, fyrsteamanuensis i kyrkjehistorie ved NLA-høgskulen, og held ei temasamling for oss, med hovudfokus på det lutherske uttrykket «rettferdiggjering av tru åleine» med opplæring av nye

generasjonar.

Kvelden vert avslutta med litt kvelds og prat rundt bordet.



## HAUSTTAKKEFEST

Sundag 24.sept. var det hausttakkefest-gudsteneste i kyrkja på Haga, der 10-åringane var spesielt inviterte. Det var ei fint pynta kyrkje med masse blomar, frukt, grønnsaker og mat i ulike variantar. Borna bar inn korgar med frukt og grønnsaker og satte ved sida av alteret. Fokuset i gudstenesta var å takke for alt ein har fått, og at Gud passar på oss og gjev oss det me treng. Etterpå var det kyrkjekaffi, der me fekk smaka på all den gode maten.